

NATUR OG KULTUR

Brynesteinbrotet



Foto: Yngve Ask

TURVEGEN TAR DEG OPP TIL STEINBROTET BRUNÅSLID.

Dette var det største av mange brynesteinsbrot i Eidsborg-Lårdalsområdet. Brotet vart truleg opna tidleg på 1700- talet og var i drift til rundt 1950. Ein ser dei store "uslehaugane", som var avfall frå brynesteinsproduksjonen. Ved den øvre haugen ser ein tufter etter ei av arbeidsbrakkene. Brynestein frå Eidsborg har ei lang historie og ein reknar drift i berga her attende til omlag 700 e.Kr. Den vart skipa ut vassvegen (Telemarkskanalen). Brynesteinen er og ei særmerkt handelsvare som alleieie vikingane tok med seg ut på sine ferder. Brynestein er slik funnen over heile Europa.

KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

AKTIVITETSPARK:

I aktivitetsparken på museet kan unge og gamle leike seg inn i historia.

Foto: Skodde Studio



NATUR OG KULTUR

Tors møte med brynesteinen



Illustrasjon Ludwig Pietsch (1824-1911).
Fra Wikipedia Commons.



www.vandretelmark.no
www.visitdalen.com

Ansvarleg utgivar er VTNU AS og Tokke kommune med støtte frå Vestfold Telemark Fylkeskommune.



Layout: Nina Akerstveit / trykk: Erik Tøndhe Nilsen as

SNORRE STURLASON FORTEL

i sin saga om jotnen Rungne og Tor med hamaren som ein gong rauk uklår. Då kasta Tor hamaren mot Rungne, medan Rungne kasta ein brynestein mot Tor. Steinen treffe hamaren i lufta, og blei splintra. Nokre av splintane fall ned i Midgard, og av dei er alle brynesteinsberg blitt til. Ein av splintane treffe Tor i hovudet, og den greidde han ikkje fjerne. Difor skal du ikkje kaste brynestein tvers over golvet, for då rører brynesteinen seg i hovudet på Tor".

EIDSBORG STAVKYRKJE

frå 1200-talet.

Foto: @healthy_frenchgirl



STÅLEKLEIVLOFTET

er eit av dei eldste trehusa i verda.

Foto: Anne Gundersen/VTM



4 KM TUR/RETUR / CA. 2 TIMAR

LETT TUR ➔



Eidsborg – Telemark

TURMÅL Brynesteinbrotet

TEMA Historie/geologi



Foto: Yngve Ask

MUSEUMSBONDEN i Eidsborg bryner ljåen med Eidsborgbryne.

Foto: Yngve Ask



Om turen

MIDDELS KREVJANDE TUR i kupert terreng.

Stigen følger delar av ein gamal ferdselsveg som i dag er ein del av pilgrimsvegen i Vest-Telemark. Turen er ikkje lengre enn 4 km, men ein bør likevel rekne 2 timar på grunn av terrenget. Etter den fyrste stigninga kjem du til eit utsynspunkt med benk. Panoramabildet i denne guiden er tatt frå dette punktet. Det er og benkar på toppen ved brotet. Ved start og under heile turen er det informasjonsskilt. Frå brotet kan du gå fylkesvegen attende til museet.

TUREN STARTAR ved Vest-Telemark Museum, Eidsborg. Stigen startar ved Juvestoga på museumsområdet.

Køreforklaring



Det er godt skilta til Vest-Telemark Museum frå Høydalsmo og Dalen. Ta av frå E134 i Høydalsmo og følg så Fv45/Fv450 og skilting til Vest-Telemark Museum, Eidsborg og Eidsborg stavkyrkje. Frå Dalen kjører du Fv45/Fv450 mot Høydalsmo. Sjå etter skilt til Vest-Telemark Museum og Eidsborg stavkyrkje.

P Parkering ved Vest-Telemark Museum.



Foto: Anne Gundersen/VTM



TELEMARK

Velkommen til Vest-Telemark Museum:
www.vtm.no

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs.
Ta omsyn til naturen og beitande dyr.
Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!



Turkart:
Tokke 1 : 50 000

NB:
Hugs godt fottøy!



Tilgang:
mai til oktober



VANDRE TELEMARK
For oversikt over vandrar-vennleg overnatting, sjå www.vandretelemark.no

Tokke 1 : 50 000

Ekvidistanse 5m

..... = merkt sommarløype



Foto: J. Kasin